



Tippetue Arkitekter AS  
Sandviksbodene 5  
5035 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/85 - 20/72314

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune  
.no

Dato:  
13.11.2020

## Mellombels bruksløyve - gbnr 138/21 Tveiten øvre

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1229/20  
**Tiltakshavar:** F G Eiendom AS  
**Ansvarleg søkjar:** Tippetue Arkitekter AS  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve til gbnr gbnr 138/21 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: heile tiltaket. 3 leilegheitsbygg og utomhusareala.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.12.2020.

Saka gjeld utviding av eksisterande mellombels bruksløyve. Det vart gjeve mellombels bruksløyve i administrativt vedtak den 19.08.2020. Ved søknad om ferdigattest vart det avdekka avvik frå ferdig prosjekt og gjeldande reguleringsplan, og det vart gjeve avslag på ferdigattest den 03.11.2020. Saka er ikkje endeleg avklart og det er difor søkt om utviding av eksisterande mellombels bruksløyve, motteke her den 09.11.2020. Søknad gjeld til om med 31.12.2020.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 28.10.2014.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: bygg og utomhusområde.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.12.2020

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det vert elles vist til søknad mottteken .

## VURDERING

Kommunen legg mottteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

## Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	Leilegheisbygg
Bygningsnummer:	300740893 300743643 300743674
Bruksareal:	1995 m <sup>2</sup> 1847 m <sup>2</sup> 1391 m <sup>2</sup>
Avløp:	offentleg
Vatn:	offentleg

## Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

## Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/85

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

F G Eiendom AS

Sagstadvegen 67

5919

FREKHAUG

**Mottakarar:**

Tippetue Arkitekter AS

Sandviksbodene 5

5035

BERGEN